

STILLINGSOMTALE

FOR TILSETTE I SAMNANGER SOKN

Kyrkjemusikar

Målet med stillinga:

Kyrkjemusikaren

- har hovudansvar for den musikalske verksemda i kyrkjene.
- skal forvalta og levandegjera tradisjonell og ny kyrkjemusikk og arbeida for breidde og kvalitet i det kyrkjemusikalske arbeidet.
- har medansvar for å rekruttera, utrusta og rettleia frivillige medarbeidarar.
- skal arbeida for at born og unge vert kjende med, og glade i, gamal og ny kyrkjemusikk.

Plassering i organisasjonen

Biskopen gjev tenestebrev og kyrkjemusikaren vert innsett etter forordna liturgi for dette føremålet.

Kyrkjemusikaren

- står under tilsyn av biskopen.
- har kyrkjevevja som næraste overordna.
- har presten som næraste overordna når det gjeld tiltak som er knytt opp mot gudstenester, kyrkjelege handlingar og andre tiltak som presten har ansvar for.
- samarbeider med ansvarlege for trusopplæringa når det gjeld trusopplæringstiltak.
- samarbeider med frivillige musikkutøvarar i kyrkjelyden og med andre tilsette i soknet.
- er medlem i gudsteneutval eller tilsvarande utval.
- har eit sjølvstendig ansvar for den faglige utføringa av arbeidsoppgåvene som er lagt til stillinga.

Hovudoppgåver – ansvar

Kyrkjemusikaren si hovudoppgåve er knytt til planlegging og gjennomføring av gudstenester og kyrkjelege handlingar og omfattar kyrkjelydssong, instrumentalmusikk, leiing av musikkgrupper, konsertar, musikkformidling, undervisning og rådgjeving. Det omfattar:

- Gjera teneste ved gudstenester og kyrkjelege handlingar i soknet.
- Ta del ved institusjonsandakter.
- Planlegging og gjennomføring av musikkandakter, kyrkjekonsertar o.l
- Musikalsk ansvar på andre tilstellingar i kyrkjelyden, fastsett i arbeidsplanen.
- Deltaking i enkelte trusopplærings-tiltak fastsett i arbeidsplanen.
- Leggja til rette for frivillige si musikalske deltaking i kyrkjelyden.
- Rådgjeving for soknerådet i kyrkjemusikalske spørsmål.
- Ansvar for tilsyn av kyrkja sine orgel og andre instrument.
- Kontorarbeid knytt til den kyrkjemusikalske verksemda.

Kyrkjemusikaren si teneste kan også omfatta:

- Leiing av korarbeid.
- Samarbeid med lokalt, frivillig og offentleg kultur- og musikkliv i soknet.

Andre tilhøve

Kyrkjemusikaren

- må vera medlem i DNK og gjera teneste i samsvar med DNK sine ordningar.
- må retta seg etter vanlege reglar for teieplikt.(§13 i forvaltningslova).
- må leggja fram ny politiattest (Barneomsorgsattest)
- er forplikta på dei planane og prioriteringane som soknerådet fastset, innanfor DNK sine rammer for kyrkjemusikkteneste.

Kriterium for jobboppyflling

- At kyrkjemusikken er med og gjer kyrkjelivet rikare.
- At det er breidde og kvalitet i det kyrkjemusikalske arbeidet.
- At det er godt samarbeid mellom kyrkja og anna kultur- og musikkliv i soknet.
- At born og unge vert inkluderte i det kyrkjemusikalske arbeidet.
- At det frivillige kyrkjemusikalske arbeidet blømer.